



Overgangsfôring omkring kjeing

Forfatter

Helga Kvamsås, Topp Team Fôring Geit

Hege Gonsholt, Topp Team Fôring Geit

Sammendrag

Overgangen frå drektigheit til mjølkeproduksjon betyr ei enorm omstilling for ei høgtytande mjølkegeit. Ein produksjon på 4-6 kg mjølk per dag krev forsyning av energi og næringsstoff som er 3-4 gonger høgare enn behovet til vedlikehald.

Publisert

2013

Referanse

Sau og Geit nr. 6/2013

Utskriftsdato

18.08.2019 www.fag.nsg.no

Overgangsfôring omkring kjeing

Overgangen frå drektigheit til mjølkeproduksjon betyr ei enorm omstilling for ei høgytande mjølkegeit. Ein produksjon på 4-6 kg mjølk per dag krev forsyning av energi og næringsstoff som er 3-4 gonger høgare enn behovet til vedlikehald.

For at geita skal greie omstillinga best mogleg må vi ha ein god plan for fôringa der vi tek omsyn til raskt aukande fôrtrøng etter kjeing.

Ulike periodar i tørrperioden krev ulike fokusområde

Tørrperioden kan vi dele inn i tre:

- **Avsiningsperioden** med fokus på gode avsiningsrutiner og jurhelse
- **Førebungsperioden** med fokus på haldoppbygging og rett næringsstofforsel
- **Overgangsperioden** med fokus på overgangsfôring, tilvenning til ny rasjon og opptrapping med kraftfôr.

Overgangsperioden strekkjer seg frå 2-3 veker før kjeing til ca. 3 veker etter kjeing.

Større krav til fôrqualität og rasjonssamansetning

Fôropptaket går betydeleg ned i siste trimester (siste 50 dagar) i drektigheita, og særleg dei siste 2 vekene før kjeing. Årsaka ligg både i hormonelle endringar som påverkar stoffskiftet og i at fosterar tek stor plass. Spesielt med tvillingar og trillingar blir plassen fosterar tek i bukholra stor og minskar plassen som er tilgjengelig for fôr.

Til liks med storfe og sau kan vi nok rekne med ein reduksjon i tørrstoffopptak på minst 30% i dei siste vekene før kjeing.

Første dagane etter kjeing er fôropptaket også lågt og aukar så gradvis i vekene etter kjeing. Fôropptaket er kanskje ikkje på topp før etter 10-14 veker, avhengig av yting og om det er eldre geiter eller første-gangskjeiarar.

Geitene må få venje seg til alle fôrslag dei skal ha etter kjeing. Slik tilvenjing bør skje gradvis og starte 2-3 veker før kjeing. I denne perioden må ein generelt vere svært merksam på fôrqualität, tilgang til fôr, utfôringsrutiner for kraftfôr og samansetjing av


rasjonen. Endringar i smakelegheit av fôr eller nye forslag kan gi midlertidig fall i opptaket og kan vere særst uheldig.

Vommiljø i overgangsperioden

Kraftfôrnivået i overgangsperioden må rette seg etter grovfôrqualität og at geita har ein lågare opptakskapasitet enn elles. Vert kraftfôrnivået for høgt vil det kunne setje ned grovfôropptaket ytterlegare - som i neste omgang kan føre til sur vom med mage-/tarmproblem som resultat. Utbyttingseffekten ved aukande kraftfôrmengder er høg i overgangsperioden. - *Følg med på appetitten til geitene. Første teiknet på dårleg vommiljø er at geitene et grovfôret dårleg.*

Stimulér til høgast mogleg grovfôropptak

Ein viktig del av heilheitleg fôrplanlegging er å ta omsyn til det naturlege fallet i fôropptak omkring kjeing. Ein bør derfor prioritere den beste grovfôrqualitäteten til overgangsperioden og dei første månadane av laktasjonen. Grovfôranalyser som syner



Aldersgruppe	Åringar	Eldre geiter som veg under 60 kg i høglaktasjon	Eldre geiter som veg 60 kg eller meir i høglaktasjon
Kraftfôrnivå ved kjeing	Maks 0,6 kg per dag	Maks 0,7 kg per dag	Maks 0,8 kg per dag

innhald av energi og NDF i grovfôret er ein føresetnad for å kunne supplere med rett mengde og type kraftfôr. Ein må også planlegge slik at ein ikkje kjem opp i eit markert skifte i grovfôr-kvalitet den første tida etter kjeing. Førsifte som fører til nedsett grovfôr-opptak, samstundes som kraftfôrmengda er den same, fører ofte til vomproblem og diaré.

Hypig tildeling av friskt grovfôr i overgangsperioden og første månaden etter kjeing stimulerer grovfôr-opptaket og betrar vommiljøet og dermed utnyttinga av fôret. Tildel derfor grovfôr meir enn to gongar per dag i overgangsperioden og første månad etter kjeing.

Tilrådd kraftfôrnivå ved kjeing vil variere med storleiken og alder til geitene

Fôropptaket er også regulert av fysiske faktorar. Storleiken av vomma og andre fordøyingsorgan er avgjerande, som igjen heng saman med storleiken av dyra. Ei stor geit har sjølvstørre opptakskapasitet enn ei lita geit.

Opptakshastigheit for kraftfôr må rette seg etter grovfôr-kvalitet og fôringssystem.

Etter kjeing stig energitrongen raskt etter som mjølkeproduksjonen aukar.

Opptappinga av kraftfôr skal skje i takt med stigande energitronng. Men ein må ta omsyn til at for rask opptapping kan føre til for høg vombelastning og problem med mikrobemiljøet i vomma, mens for sein opptapping kan gi stort energiunderskot og svært rask mobilisering av kroppsreserver.

Utgangspunktet kan vere at ein legg ein plan for opptapping med 1 hg kvar 3. eller 4. dag. Nyttar ein kraftfôrstasjonar bør geitene få ein eigna fôrplan/tabell eller kurve slik at det vert ein individuell opptappingsplan for kraftfôr frå den dagen geita kjea.

Har ein grovfôr av sær god kvalitet, energikonsentrasjon over 0,90 FEM per kg tørrstoff og NDF-nivå under 500 g per kg tørrstoff, kan ein trappe opp kraftfôret med 1 hg kvar 4. eller 5. dag. Substitusjonseffekten ved stigande kraftfôrnivå er høgare for grovfôr av svært god kvalitet enn for grovfôr av middels eller svakare kvalitet.

Ta særleg omsyn til ungeitene

I fjøs med stor fellesbinge bør ungeitene kome over i mjølkegeit-avdelinga 4-6 veker før forventa kjeing. Dermed får dei høve til å venje seg til resten av flokken, ny fôringsplass og til



eventuelle kraftfôrstasjonar i god tid før kjeing. Dette reduserer stresset omkring kjeing.

Helga Kvamsås, Topp Team Fôring Geit
Hege Gonsholt, Topp Team Fôring Geit



Hovudfokus i overgangsperioden

må vere å oppretthalde eit godt mikrobemiljø i vomma, samstundes som vomfloraen skal tilpasse seg den fôrrasjonen og det fôrnivået geitene skal ha etter kjeing. Å legge til rette for høgast mogleg grovfôr-opptak betyr også at ein skal gi geitene god plass, appetittvekkande fôr, reint vatn og godt og tørt miljø. Trivsel og lågt stressnivå er ein sær viktig faktor for å oppnå god overgang frå drektigheit til laktasjon.